

17207

AVTALE
om
OVERTAKING AV DEL AV GNR. 142 BNR. 101 I AUSTRHEIM
mellom

AUSTRHEIM KOMMUNE
og
Markhus Bolig AS

Austrheim kommune overdreg del av eigedomen gnr. 142, bnr. 101 i Austrheim i samsvar med vedlagt kartskisse, datert 09.01. 2013.

Området er på om lag 5 dekar. Kostnader i samband med deling, oppmålingsforretning og tinglysing skal dekkast av kjøpar:

Kostnaden er i samsvar med takst, kr. 85 kr. Pr. m2.

Reguleringsplan for kommunesenteret i Austrheim vedteke den 29.06 2005 er førande for korleis det kan byggjast på aktuelle eigedom og kva eigedomen kan nyttast til.

Området skal nyttast til etablering av industriverksemd og bygging på området som omsøkt må setjast i gang innan 31.12. 2015. Dersom dette ikkje vert gjort skal eigedomen overdragast til same sum som kjøpesummen tilbake til Austrheim kommune. Eigedomen kan ikkje seljast vidare utan at det er bygd bygg som omsøkt på tomten.

Kjøpar må taka omsyn til avlaupsrøyr og vassleidning for eigedomen ovanfor på gnr. 142, bnr. 143 som er lagt ned på del av gnr. 142, bnr. 101. Kjøpar må ta kostnaden med retta opp eventuelle skadar eller omlegging som utbygginga kan føra med seg på vassleidning og avlaupsrøyr. Desse leidningane må det ikkje byggjast bygg på, men dei kan leggjast ein annan stad på tomten etter avtale med kommunen og eigar av gnr. 142, bnr. 143.


Eigedomen vert elles overdrege fri for heftingar.

Eigedomen vert overteke frå dato for underteikning av skøyte. Dette skal gjerast etter at byggjesøknaden er levert inn og byggjeløyvet er gjeve.

Bygget skal ha arkitektoniske kvalitetar som byggjer opp omkring kommunesenteret i Austrheim.


Denne avtalen er utstedt i to eksemplar, eit eksemplar til kvar av partane.

Austrheim den 19.03.2013


Per Lerøy
Ordførar



Austrheim den 19.03.2013


Markhus Bolig AS
Styreleiar

